



Lærdal kommune
Boks 83
6886 Lærdal

Trondheim, 28.02.2019

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2019/3864

Sakshandsamar:
Karen Lone

Vidare arbeid med bestandsreduksjon av hjortevilt i Nordfjella-regionen

Miljødirektoratet ber kommunane innrette forvaltninga av hjortevilt mot eit midlertidig mål om lågare tettleik av hjortevilt i brakkleggingsperioden for Nordfjella sone 1. Arbeidet er ledd i kampen mot spreining av smittsam skrantesjuka (CWD), og vil krevje aktiv oppfølging frå kommunen gjennom heile brakkleggingsperioden. Dette brevet skisserer rammer for arbeidet framover og avklarar foreløpige måltal for hjorteviltbestandene i regionen.

Ei halvering av bestandsstorleiken for elg og hjort i forhold til 2016-nivået er ønskeleg i alle dei 15 kommunane som inngår i Nordfjella-regionen. Tette hjortebestandar utgjer den største risikoen og må reduserast i endå større grad. Spesielt gjeld dette hjortebestanden i Lærdal og Aurland.

Bakgrunn

Det er eit nasjonalt mål å utrydde skrantesjuka på hjortevilt. Færre elg og hjort i område der deler av bestanden har sesongtrekk til Nordfjella villreinområde vil begrense potensiell spreining av skrantesjukesmitte. Auka uttak vil også bidra til tidleg smitteoppdaging eller friskmelding av bestandane.

Forvaltninga av hjortevilt i Noreg har sterk lokal forankring, og det er eit stort ansvar lagt til kommunar og lokale forvaltningsstrukturar og jaktrettshavarar. Mattilsynet har ansvar for bekjemping av skrantesjuka i Noreg, medan Miljødirektoratet har eit overordna ansvar for viltforvaltninga. Det er i fellesskapets interesse å redusere hjorteviltbestandane ut ifrå eit smittevernomsyn.

Miljødirektoratet ber difor kommunane om å innrette forvaltninga av hjortevilt lokalt etter det nasjonale målet om å utrydde smittsam skrantesjuka, som er ein stor trussel mot både viltlevande og oppdretta hjortedyr i Noreg.

Kommunane har tidlegare fått anbefaling om å redusere tettleiken av elg, hjort og rådyr, blant annet i brev frå Miljødirektoratet av 6. april 2017 og brev frå Mattilsynet 2. juni 2017. Tiltak har blitt satt inn i fleire kommunar.

Den nyaste rapporten frå Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) frå 14. desember 2018 viser at det er behov for ei vidareføring og opptrapping av dette arbeidet lokalt. Det er også behov for å sjå tiltaka som har blitt gjort i samanheng og koordinere det vidare arbeidet.

VKM-rapporten frå 14. desember 2018 peikar på risikoen hjorteviltbestandene utgjer

VKM kom 14. desember 2018 med ei oppdatert vurdering av faktorar som påverkar smittespreiing av skrantesjuka i og ut av Nordfjella. Rapporten er utarbeida på oppdrag frå Mattilsynet. VKM har belyst risikofaktorar som kan bidra til overføring av smitte, og tiltak som kan redusere sannsynet for dette.

Førekost og aktivitet av elg og hjort i Nordfjella er ein av dei største risikofaktorane for spreiding av skrantesjuka ut av Nordfjella. Smittefare går i hovudsak ut på at det kan finnast dyr som ber smitte (dvs. dyra er smitta tidlegare), eller at nye dyr som kjem inn i området får i seg smittestoff frå miljøet. Det er knytt usikkerheit til om det kan vere smitte i desse bestandane. Salteplassar utgjer ein spesiell fare for opptak av smittestoff frå miljøet og frå andre dyr. Generelt trekk salteplassar til seg hjortedyr (lokalt) og fungerer som en "hot-spot" for smitteoverføring.

VKM sitt faglege råd for å redusere eksponeringa er todelt og peikar både på å begrense tilgangen til salteplassar, og å reducere tettleiken av hjortevilt i området. Det må arbeidast parallelt med begge desse tiltaka.

Vårt signal om foreløpig målsetting

Mattilsynet og Miljødirektoratet har sett ned ei fagleg ressursgruppe med tverrfagleg ekspertise på sjukdomen, smittebekjemping, viltøkologi og viltforvaltning. Den faglege ressursgruppa har tilrådt at det i brakkleggingsperioden for Nordfjella sone 1 bør vere ein betydeleg lågare bestand av hjort og elg i dei omkringliggande kommunar for å redusere talet dyr som brukar beiteområder innanfor villreinarealet i sone 1.

Den faglege ressursgruppa har peika på at det er spesielt behov for å redusere hjortebestanden i Lærdal og Aurland. Risikoen er ekstra stor pga. høg bestandstettleik og stort overlapp i arealbruk med tidlegare infisert reinsbestand. Eit målretta uttak av individa som brukar eller har brukt areal innanfor sone 1 er spesielt ønskeleg, i den grad det er mogleg.

Både elg- og hjortebestandar bør reduserast. Hjort er den største risikofaktoren. Der tettleiken av hjort er høg må ein legge til rette for spesielt stor reduksjon. Rådyr utgjer til samanlikning ein relativt liten fare utifrå den låge rådyrtettleiken nær Nordfjella og artens meir avgrensa arealbruk. Den generelle oppmodinga om reduksjon rettar seg difor mot elg og hjort. Det er likevel spesielt oppmoda til å ta ut enkeltindivid av rådyr som vert observert i fjellnære område.

Hjort og elg som brukar areal i Nordfjella som sommarbeite kan ha lange vår- og haustvandringar. Dyr vandrar frå og returnerer til område som ligg langt unna Nordfjella. Vandringsmønsteret er ikkje

eit resultat av høg bestandstettleik, så ein vil også ved lågare tettleik ha dyr som trekk til Nordfjella.

Miljødirektoratet konkretiserer no ei foreløpig målsetjing for kommunane i Nordfjella-regionen for bestandsreduksjon til under halvparten av 2016-nivå. I Lærdal og Aurland er det behov for endå større reduksjon av bestandane i forhold til 2016. Bestandsreduksjonen er eit midlertidig tiltak i brakkleggingsperioden. Det vil likefullt vere behov for ei god forvaltning av bestandane for å oppretthalde god kondisjon og bestandsstruktur.

Kommunane det gjeld

Kommunane det gjeld har bestandar av hjort og elg som tidvis brukar areal i Nordfjella. Dette ligg til grunn for utvalet av dei 15 kommunane, som også utgjer Nordfjella-regionen i kartleggingsprogrammet for skrantesjuka.

Det er følgande kommunar: **Ulvik, Lærdal, Aurland, Hemsedal, Eidfjord, Hol, Ål, Gol, Nes, Nord-Aurdal, Nore og Uvdal, Sør-Aurdal, Vang, Vestre Slidre og Årdal kommunar.**

Det er spesielt viktig med god gjennomføring i kommunane som har areal innanfor Nordfjella-sona i forskrift om soneforvaltning av CWD, dvs. Lærdal, Aurland, Ulvik, Eidfjord, Hemsedal, Ål og Hol. Lærdal og Aurland er i ei særstilling blant desse, både som en følge av høg hjortetettleik og at ein del av hjorten i desse kommunane har spesielt stor overlappende arealbruk med den infiserte villreinflakken som gjekk i sone 1. Dette dannar grunnlaget for eit særskilt behov for reduksjon, prøvetaking og friskmelding av bestandane her, jf. VKM-rapporten.

Kommunane sitt ansvar

Kommunen har viktige administrative oppgåver i hjorteviltforvaltninga, og set også retninga for den praktiske forvaltninga av hjort, elg og rådyr lokalt.

Kommunane skal, i samsvar med hjorteviltforskrifta § 3, sette mål for utviklinga av bestandane innan sitt område. Eit stort haustbart overskot og næringsmoglegheiter kan vere viktige faktorar for enkelte rettshavarar. Men målet for dei fleste kommunar/områder er å ha ein bestand som består av dyr i god kondisjon og med god helse. Aktiv smittebekjemping er avgjerande for at det på lengre sikt skal vere mogleg å hauste av og utnytte våre hjorteviltbestandar i næringsssamanheng.

Skrantesjuka er eit nytt og viktig omsyn som vil ha konsekvensar i fleire år. Ein bestandsreduksjon av skrantesjuka-omsyn kan i mange område ha positive ringverknader i form av redusert omfang av viltpåkøyrslar og beiteskadar på skog og landbruk. Redusert naturleg beitekonkurranse vil kunne gje betre vekstvilkår og auka produktivitet for dei attlevande dyra. I lågareliggende område vil det kunne bli lågare førekomst av flåttoverførte sjukdomar, som Lyme borreliose hos menneske, sjodogg hos sau og raupiss hos storfe.

Forvaltninga av hjortevilt har sterk involvering av og ansvar lagt til rettshavarane sjølve. Det sterke eigarskapet er ein fordel fordi det gjev forankring for avgjerder. Det følgjer samtidig eit ansvar med den enkelte for å gjennomføre ei praktisk forvaltning som tener samfunnet som heilskap, ikkje berre egne kortsiktige interesser.

Det er viktig å sikre ei felles forståing av problemet, om rettar og pliktar, semje om målet og best mogleg samhandling. Informasjonsarbeid vil vere ein viktig del av arbeidet med temaet i kommunane.

Gjennomføring og tiltak

Regelverket for dagens hjorteviltforvaltning gir gode føresetnader for å kunne gjennomføre ein kontrollert bestandsreduksjon ved ordinær jakt. Ein må vurdere ulike verkemiddel for å stimulere til det ønska uttaket og bestandsutviklinga. Ein kan sjå på tiltak for å auke fellingsprosenten, og samansetninga av alders- og kjønnskategoriar i uttaket.

Til dømes er det kommunen som fastset minstearealet for elg, hjort og rådyr i forskrift, og dermed kor mange fellingsløyve som vert tildelt. I kommunar der det er naudsynt å auke kvotar for å oppnå auke i felling, kan dette gjerast ved endring av minsteareal, eventuelt gjennom å fråvike minstearealet med opptil 50% utan å fastsette eit nytt minsteareal (hjordviltforskrifta § 7). Fråvik av minsteareal kan nyttast for særskilte vald og eit avgrensa tidsrom.

Det bør vere eit mest mogleg målretta uttak av dyr som har overlappande arealbruk med villreinen innan sone 1 før hausttrekket byrjar, medan dyra står i høgda tidleg i jaktseongen. For de meir perifere kommunane i aust, vil det vere ein fordel å auke uttaket av dyr seint på hausten når trekkindivid (delvis frå Nordfjella) kjem. Eit tiltak kan vere bevisstgjerjing av dette behovet.

Miljødirektoratet er open for å sjå på andre særlege tiltak som krev dispensasjonar frå gjeldande regelverk, til dømes jakttid og kvotereglar. Uttak av dyr som samlar seg i lågareliggande overvintringsområde kan også vere ein effektiv måte å auke uttaket på. Kommunane må då sende Miljødirektoratet ein grunngjeven søknad om dispensasjon frå aktuelle forskrifter.

Kommunen kan ved eige tiltak iverksette uttak av hjortevilt for å avverje skade på eksempelvis avling og skog, jf. naturmangfoldloven § 18 fjerde ledd og § 18 første ledd bokstav b.

Tidshorisont

Reduksjonane av bestandane er eit midlertidig tiltak for å begrense smittespreiing i brakkleggingsperioden. Brakkleggingsperioden vil vare i minst 5 år frå våren 2018.

På kort sikt hastar det med å få framdrift i dette arbeidet. Reduksjonen bør skje raskt, og det er behov for å oppnå resultat av arbeidet allereie i løpet av jakta 2019. Det er viktig at dette vert tatt inn i det arbeidet som gjerast no på vårparten 2019 med planlegging av haustjakta og kvotefastsetting m.m.

Samtidig er dette eit meir langsiktig arbeid. Målet om redusert bestandstettleik av hjortevilt vil krevje oppfølging gjennom heile brakkleggingsperioden. Det vil vere behov for informasjonsarbeid for å auke forståinga av situasjonen og skape motivasjon blant forvaltningsaktørane og rettshavarar gjennom heile perioden. Behova vil kanskje endre seg i løpet av perioden.

Fagleg støtte frå NINA - deira oppdrag

Det er behov for ei ytterlegare konkretisering av kva som inngår i målsettinga om bestandsreduksjon av hjortevilt i dei 15 kommunane der bestandsreduksjon er ønska, og kunnskap som kan vere til støtte for den lokale forvaltninga i dette arbeidet.

Miljødirektoratet har bede NINA yte fagleg støtte ved å samanstille data frå dei respektive kommunane, basert på observasjons- og jaktstatistikk, og utarbeide alternative avskytingstrategiar. Dette vil samanstillast i ein samla rapport til Miljødirektoratet og kommunane.

Ved ein reduksjon over kort tid og auka/endra avskyting er det eit mål å behalde ein god kjønns- og aldersstruktur i de ulike områda. Datagrunnlaget og modellane som NINA skal framstille i løpet av våren vil vere eit verktøy for forvaltninga. Målet er at kommunane skal få betre kunnskap om bestandane og om alternative strategiar for å nå målsetninga om reduksjon.

Oppdraget til NINA er avgrensa til å omfatte utarbeiding av aktuelle bestands- og haustingsmodellar for kvar kommune. Desse kan brukast til å utforske korleis ulike uttak påverkar alders- og kjønnsamansetning og bestandstorleiken over tid.

NINA vil forsøke å kvantifisere kor stort uttak ein treng for å oppnå reduksjonsmåla over eitt til to år. Det vil også belyse korleis måla kan nåast ved ulike strategiar for alders- og kjønnsamansetninga i uttaket.

Arbeidet inneber at det vert laga bestandsestimat for kvar kommune. Til dette arbeidet vil ein bruke statistiske modellar som i første omgang vil gje eit grovt bestandsestimat. I dette arbeidet vil NINA bruke data som er innsamla tidlegare (sett hjort/elg, fellingsdata og overvåkingsprogrammet for hjortevilt m.m.). Metoden vil i åra som kjem kunne utviklast og gje meir presis informasjon. Dette er etterspurt både i denne konteksten og i forvaltninga av hjort og elg i resten av landet. Miljødirektoratet oppfordrar kommunane til å vere ein aktiv partner i dette arbeidet.

Arbeidet til NINA skal vere av nytte for kommunane allereie i år. NINA skal levere rapporten 1. mai. Med dette tidsperspektivet må kontakten mellom 15 kommunar og NINA strukturerast. Sannsynlegvis blir det to kontaktpunkt (presentasjon av metodikken, og skriftleg tilbakemelding på eit utkast) der kommunane kan kome med sine innspel undervegs på rapporten NINA lagar.

Fagleg støtte frå Norsk Hjortesenter

Miljødirektoratet har også ein avtale med Norsk Hjortesenter (Svanøy) om å tilby fagstøtte til kommunane i arbeidet med bestandsreduksjon av hjort spesielt. Norsk Hjortesenter kan mellom anna hjelpe kommunane i det konkrete arbeidet med å utarbeide og revidere bestandsplanar. Kommunane kan kontakte Norsk Hjortesenter direkte om bistand til dette.

Samarbeid og erfaringsutveksling - Kontaktperson

Me oppmodar kommunane til å tenkje gjennom og ta initiativ sjølve til kva slags aktivitetar og støtte ein eventuelt treng i arbeidet med å gjennomføre ein bestandsreduksjon av hjortevilt. Det

kan vere ulike typar eller arenaer for erfaringsutveksling mellom kommunar, kompetansebygging, eller informasjonsarbeid lokalt. Eventuelt praktisk tilrettelegging i samband med jakta.

Også fylkeskommunane skal med si rolle og sine verktøy bidra til å setje målsettinga på dagsorden og skape samhandling i regionen mot dei felles måla.

Miljødirektoratet ønsker å få til eit godt samarbeid med kommunane om temaet, og vil gjerne ha nær kontakt med kommunane. For å sikre rask og god informasjonsspreiing, ber vi i første rekke om at dei 15 kommunane melder tilbake kven som skal fungere som kontaktperson i kommunen overfor Miljødirektoratet og NINA. Ta gjerne kontakt dersom dykk har konkrete innspel i samband med dette arbeidet.

Meld tilbake med namn, e-post og telefonnummer til kontaktperson. Sendast på e-post til karen.lone@miljodir.no, som er saksbehandlar på dette hos Miljødirektoratet, innan 20.mars.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Knut Morten Vangen
seksjonsleder

Karen Lone
rådgiver

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Hordaland fylkeskommune	Boks 7900	5020	Bergen
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	Lillehammer
Nordfjellarådet			
Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	Trondheim
Norsk Hjortesenter	Svanøy	6914	SVANØYBUKT
Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd	v/Siri Bøthun Naturforvaltning	6896	FRESVIK